



Spennande utvikling i Børnes industriområde.

Kvinnheringen har i dagens utgåve eit svært gledeleg oppslag der dei fortel om sterkt aukande interesse for Børnes industriområde. Etter at det hadde vore låber interesse, har det plutselig snudd seg dei 2-3 siste vekene, og det er fleire interessentar som ønskjer å etablera seg i industriområdet.

Kvinnheringen fortel at Frank Søllesvik som primært jobbar for ulike forsikringsselskap med reparaasjonar etter brannar, vasskadar og andre forsikringsskadar, har kjøpt ei tomt på 6 mål med tanke på framtidig aktivitet.

Tveiten Maskin AS og Jarle Apeland er to andre verksemder som dei siste vekene har søkt om å få kjøpa tomtareal i Børneset industriområdet. Dette er ei svært positiv utvikling for bygda og det vert spennande og interessant å følgja det som skjer framover. De finn meir i Kvinnheringen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kristian Bringedal.